



Notat

Dato: 10.12.2015
Arkivsak: 2014/10537-15
Saksbehandlar: oddmell

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Tilskotsforvaltninga på kulturfeltet - tilbakemelding status på dei 7 tiltaka i Handlingsplan

Kontrollutvalet handsama RS 63/15 «Tilskotsforvaltninga på kulturfeltet – tilbakemelding status på dei 7 tiltaka i handlingsplanen» i møte 24.8.15 og gjorde slikt vedtak:

«Kontrollutvalet ser positivt på det er sett i verk ein del prosessar for å betre rutinane innan tilskotsforvaltninga på kulturfeltet. På bakgrunn av at mykje av arbeidet som gjenstår ser ut til å ligge i den oppstarta samla gjennomgangen av tilskotsforvaltninga som skal leggjast fram politisk hausten 2015, ber kontrollutvalet om ny status i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.12.2015.»

Fylkesrådmannen har følgjande merknader til status og tiltak knytt til dei enkelte tilrådingane:

1. Utforme tydelegare føremål med tilskotsordningane som reflekterer korleis den enkelte ordninga skal bidra til å nå fylkeskommunale mål og strategiar på kulturområdet.

Tiltak:

- Samla gjennomgang av tilskotsforvaltninga
- Revisjon av retningsliner
- Gjennomgang av rettsreglar og retningsliner

Status:

I 2016 –budsjettet er det gjort følgjande vedtak:

- Endring av tilskotsordninga KUP (Kulturelt utviklingsprogram) vert styrka med kr 500 000, idrett og friluftsliv vert innlemma i KUP og kan tildelast midlar inntil kr 500 000.
- Ny tilskotsordning, Større kulturprosjekt med regional verdi vert oppretta med 1 mill. kr frå kontoen «Til rådvelde».
- Omlegging av tilskotsordningar med klårare satsing på profesjonell kunst, amatørkultur og barn og ungdom.
- Auke i kunstnarstipend – i tråd med kunstpolitisk satsing i regional kulturplan.
- Ny tilskotsordning, Drift av fartøy og teknisk –industrielle kulturminne vert oppretta med kr 500 000.
- Tilskotsordning lågterskeltilbod barn og unge innan fysisk aktivitet vert styrka til 2 mill. kr ved omprioritering på idretts- og friluftsbudsjettet.
- Tilskotsordninga for Vern og vøling av faste kulturminne og Bevaringsprogram for arkeologiske kulturminne vert styrka, kvar med kr 200.000 ved intern omprioritering.

Merknad:

Eiga sak om retningslinjer for endra og nye tilskotsordningar vert lagt fram til politisk behandling i utval for Kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) i januar til mars 2016 for endeleg vedtak. Etter behandlinga i KIRU ser Fylkesrådmannen denne tilrådinga og nemnde tiltak som gjennomført.

2. Sikre at tilskot som blir tildelt over budsjettposten "til rådvelde" blir tildelt i samsvar med krav i forvaltningslova og sentrale forvaltningsrettslege prinsipp.

Status:

I budsjettet 2016 vart det oppretta ny tilskotsordning, *Større kulturprosjekt med regional verdi* med 1 mill. kr frå kontoen «Til rådvelde». Til rådvelde-kontoen er med dette borte frå budsjettet frå 2016, og overført til posten *Stønad etter vedtak*.

Merknad

Eiga sak om retningslinjer for endra tilskotsordningar og nye tilskotsordningar vert lagt fram til politisk behandling for utvale for KIRU i januar 2016 for endeleg vedtak. Fylkesrådmannen ser denne tilrådinga og nemnde tiltak som gjennomført.

3. Sikre at sakshandsaminga i samband med kulturtilskot er i samsvar med krav i forvaltningslova, herunder:

- Sikrar at det blir sendt førebels svar jf. § 11 a, 3. ledd.
- Sikrar at vedtak er tilstrekkeleg grunngjeve, og at grunngjeving for vedtak er dokumentert, jf. § 24, § 25 og § 27.
- Sikrar at informasjon om klageåtgang er korrekt jf. § 27.
- Sikrar at det blir tatt kontakt med søkjar dersom det blir vurdert som aktuelt å vurdere ein søknad innanfor ei anna tilskotsordning enn den det er søkt om, jf. § 11.

Tiltak:

- Lokale retningslinjer /malar
- Gjennomgang av rettsreglar og retningslinjer
- Nærare oppfølging av avdelinga

Status:

Det er utarbeidd lokale retningslinjer/malar i Hfk sitt kvalitetssystem, alle saksbehandlarane og tilsette i stab som arbeider med tilskot hadde hausten 2014 to samlingar med gjennomgang av rettsreglar og retningslinjer, og kvar saksbehandlar er knytt opp til namngjeven person i stab for nærare oppfølging og kvalitetssikring av tilskotsforvaltninga. Dette er vidareført i 2015 og vil også bli følgt opp i 2016.

Merknad

Det vil vere naudsynt å ha kontinuerleg fokus på at avdelinga har rett og god nok kompetanse innan forvaltningslova og andre lovar og retningslinjer som regulerer tilskotsforvaltninga, og ein vil setje inn opplæringstiltak og repetisjonar fortløypande etter behov. Fylkesrådmannen ser denne tilrådinga og nemnde tiltak som gjennomført.

4. Sikre at dokument som er ledd i sakshandsaminga blir arkivert i samsvar med fylkeskommunen sine egne retningslinjer og § 3-18 1. ledd i forskrift om offentleg arkiv, og at inn- og utgåande dokument som er gjenstand for sakshandsaming blir journalført, jf. § 2-6 i forskrift om offentleg arkiv.

Tiltak:

- Opplæring av sakshandsamarar og støttepersonell
- Oppfølging av avdelinga

Status:

Ny digital IT-løysing er under utarbeiding og målet er å teste programmet i januar-februar 2016 for så å ta det i bruk frå mars 2016. Denne løysinga er godt integrert med vårt dokumentbehandlingssystem ePhorte, og alle søknadar med vedlegg vert lagt direkte inn i ePhorte. Alle dokumenta som er ledd i saksbehandlinga blir såleis arkivert i tråd med fylkeskommunen sine eigne retningslinjer og i tråd med forskrift om offentlege arkiv jf. § 2-6.

Merknad

Avdelinga har kontinuerleg fokus på at handsaminga er i samsvar med gjeldande rett og fylkeskommunale retningslinjer, og seksjonsleiarane har eit særleg ansvar for eiga tilskotsforvaltning. Fylkesrådmannen ser denne tilrådinga og nemnde tiltak som gjennomført.

5. Etablere rutinar for oppfølging av rapportering frå tilskotsmottakarar.

Tiltak:

- *Samla gjennomgang av tilskotsfeltet*
- *Utforming av retningslinjer*
- *Opplæring av sakshandsamarar og støttepersonell*
- *Oppfølging av avdelinga*

Status:

Det er etablert retningslinjer for oppfølging av rapportering for kvar tilskotsordning. Fylkesrådmannen vil i 2016 arbeide med å få på plass ei nettbasert løysing for behandling av tilskot, og denne vil også omfatta rapportering. I dag sender tilskotsmottakarane inn rapportane per e-post og i papirformat.

Merknad

Fylkesrådmannen ser denne tilrådinga og nemnde tiltak som gjennomført, og vil i 2016, som nemnd tidlegare, arbeide med å få på plass ei nettbasert løysing integrert i tilskotsforvaltninga elles.

6. Etablere system og rutinar for samarbeidet mellom kultur- og idrettsavdelinga og regionalavdelinga når det gjeld tildeling av tilskot, samt etablere system som gjev oversikt over ulike tildelingar av tilskot og økonomisk støtte frå fylkeskommunen.

Tiltak:

- *Samarbeidsforum mellom avdelingane*
- *Faste møter mellom direktørane*
- *Deltaking på/etablering av felles arenaer mot eksterne aktørar/tilskotsmottakarar*
- *Involvering i høve regionalt næringsforum og partnerskapet som møtest der*
- *Notat til fylkesrådmannen om tilhøvet mellom avdelingane, med fokus på samhandling i tilskotsforvaltning og utviklingsarbeid*

Status:

At vi no implementerer ein nettbasert løysing som er godt integrert med ePhorte, gjer det lett for alle saksbehandlarane å få oversikt over søkjarar på dei ulike tilskotsordningane. Alle tilskot på kultur- og idrettsfeltet vert politisk handsama og vedtekne, og er såleis offentleg tilgjengeleg. I tillegg vert det etablert melderutinar med rapportering mellom avdelingane.

I samband med fylkesrådmannen sitt prosjekt *Førebudd på framtida*, er betre koordinering eit av hovudtiltaka som avdelinga skal arbeide med. Dette gjeld også tilskotsforvaltninga og utviklingsarbeid.

Merknad

Fylkesrådmannen ser det som naturleg at tiltaka nemnd ovanfor går inn som del av prosjektet *Førebudd på framtida*, og ein vil følgja opp desse i det vidare arbeidet med prosjektet.

Til orientering har fylkesrådmannen fast møte med avdelingsdirektørene kvar veke, som i praksis også fungerer som samarbeidsforum mellom avdelingane.

7. Etablere eit system for jamlege evalueringar av dei ulike tilskotsordningane for å sikre at dei blir nytta i samsvar med føremålet.

Tiltak:

- *Samla gjennomgang av tilskotsfeltet*
- *Utforming av retningsliner/malar*
- *Gjennomgang av rettsreglar og retningsliner*
- *Oppfølging av avdelinga*

Status:

I samband med utarbeiding av Regional kulturplan, har avdelinga gått gjennom alle tilskotsordningane. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vil handsama kriteria og retningsliner for desse ordningane i januar til mars 2016.

Merknad

Regional kulturplan har sett opp mål for kulturpolitikken til Hordaland fylkeskommune. Tilskotsordningane er eit grunnleggande verktøy for denne måloppnåinga, og evaluering vil såleis vere knytt til dette. I samband med implementering av det nye nettbaserte søkeverktøyet, vil det også verte tilgjengeleg funksjonalitet som gjer det mogleg å ta ut rapportar og statistikk på m.a. fordeling og bruk av midlane. Dette vil danne grunnlag for kontinuerleg evaluering og tilpassing av tilskotsordningane.